

## **Styremøte i Vats Grendautval**

**Onsdag 13.06.13 i Vindafjordhallen kl 19:30**

Desse møtte:

Severin Fatland

Steinar Sørhus

Karin Dyrland Frøland

Alf Egil Vaula

Hilde Fadnes Hølland

Desse møtte ikkje:

Oddny Blikra

### Sak 1. Kommunedelplan for ny E134

Steinar Sørhus deltok på "Traseutviklingsseminar" som var 14. mai. Det var folk frå miljøavdelinga hjå fylkesmann, ordførar frå Etne og Vindafjord, bondelaget og fleire politikare frå forskjellige parti. Seminaret var lagt opp som ei idémyldring og arbeid i grupper. Ein skulle jobba utan å tenke kostnadar men ein skulle ta omsyn til dyrka mark. Ein måtte også tenka på at det blir ein brei veg. Det skal vara midtdelar heile strekninga samt forbikøyringsfelt og gang- sykkelsti så ein måtte tenke på storleiken som ein 3- felts veg. Angående tunnelar så er dette eit stort kostnadssluk så ein vil prøve å unngå dette så langt det lar seg gjer.

Når det gjeld tidsperspektiv så meiner prosjektet at det kan vara klart til vedtak allereie i 2015. Det skal inn i nasjonalvegplan og få ein prioritet der. Sjølve arbeidet med vegen vil bli delt opp i fasar.

### Sak 2. Sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus

Severin har snakka med Hildbjørg Fludal. Anbod på reguleringsplan blir lyst ut etter ferien. Lys frå Kårhus står på kommunen si liste men har ikkje har fått prioritet i år. Det blir tatt med til neste år. Grendeutvalet vil følgja opp saka.

### Sak 3. Ny fartsgrense på vegen forbi Vats Skule

Steinar har laga ein søknad om redusert hastigheit frå 60km/t ved Vats skule/Kårhus, RV 46.

Søknaden blir sendt til Statens vegvesen – Region Vest. Bakgrunn for denne søknaden er den aukande trafikken. Det er særst tungtrafikk men også anna nærings- og privattrafikk som er aukande. Du kan sjå søknaden på Vatsnett.com.

Sak 4. VH 20 års jubileum

Hilde tok kontakt med Bjørn Morten for meir info i denne saka. Jubileumsfesten er utsett til midten av september. Komiteen kallar inn til nytt møte før ferien for å få ein status på planlegginga.

For Vats Grendautval, 21.06.13

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar/nestleiar-